



Arkivnr: 2016/2768-38
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Levering av prosjektrekneskapar frå andre enn samferdsel og eigedomsavdelinga

Samandrag

Bakgrunn for saka:

I møte i kontrollutvalet 11.02.2019 vart dette protokollert i sak PS 19/19:

«Handsaming i møtet

Kontrollutvalet har til dette møtet fått 3 prosjektrekneskapar til uttale frå eigedomsavdelinga, jf. sak PS 4/19. Utvalet registrerer at dei til no ikkje har motteke prosjektrekneskap som gjeld saker frå samferdsel eller andre avdelingar i Hordaland fylkeskommune, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det ikkje er levert slike prosjektrekneskapar til no.

Etter dette vart det gjort slikt vedtak.

Vedtak

- Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen til neste møte i kontrollutvalet gjer skriftleg greie for kvifor det til no ikkje er levert prosjektrekneskap for samferdsel eller andre avdelingar enn eigedomsavdelinga, jf. fylkestinget sitt vedtak i sak PS 37/18 frå 12.06.2018.*
- Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 18.03.2019.*

I møte i kontrollutvalet 01.04.2019 vart skriftleg orientering handsama i tråd med punkt 1 i vedtaket og det vart gjort slikt vedtak:

- Kontrollutvalet tek informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering og ber om at prosjektrekneskapa for vegprosjekt vert lagt fram for revisor og kontrollutvalet etter kvart som dei ligg føre.*
- Kontrollutvalet ber igjen om at fylkesrådmannen orienterer om det vil kome prosjektrekneskapar frå andre avdelingar utanom samferdsel og eigedomsavdelinga. Skriftleg informasjon om dette vert å sende sekretariatet innan 23.04.2019.*

Drøfting:

På bakgrunn av vedtaket over har sekretariatet motteke vedlagte notat frå fylkesrådmannen. Av notatet går det fram at prosjekt i Hordaland fylkeskommune som skal leggjast fram for revisor og kontrollutvalet vil gå inn under dei prosjekta som samferdsel og eigedom handterer.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

1 Saksprotokoll i kontrollutvalet 1. april 2019